



Hordaland Fylkeskommune - Egedomsseksjonen
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/3474 - 14/14629

Saksbehandlar:

Tore Johan Erstad

tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:

29.09.2014

Godkjenning - Løyve til oppretting av ny festegrunn - Del av gbnr 4/1

Administrativt vedtak. Saknr: 271/2014

Saksutgreiing:

Vi syner til søknad journalført 21.8.2014. Stiftelsen Meland Golf & Naturpark har søkt om oppretting av festegrunn, jf plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 bokstav m. Søknaden gjeld ca 5,3 dekar av gbnr 4/1, vist på situasjonskart vedlagt søknaden. Stiftelsen Meland Golf & Naturpark (MGN) leiger arealet frå Hordaland Fylkeskommune, jf avtale dagsett 28.9.2001.

Eigedomen er omfatta av reguleringsplan for Del av Leirvik gard (arealplanid: 125697133). Omsøkt del av eigedomen ligg i sin heilskap innafor arealkategori byggeområde; «område for serviceanlegg for golfbane/Hotell, bevertning».

Bakgrunnen for søknaden er opplyst å vere utarbeiding av låneavtale mellom Sparebanken vest (SPV) og MGN i samband med drift og vedlikehald av serviceanlegga. SPV krev tinglyst avtale for det arealet avtalen gjeld og det må opprettast festegrunn for kunne stette vilkåret frå SPV.

Vurdering:

Oppretting av festegrunn er ikkje i strid med plangrunnlaget for eigedomen, jf ovanfor.

Kommuneadministrasjonen vurderer at oppretting av festegrunn som omsøkt er i samsvar med vilkåra i plan- og bygningslova § 26-1. Det vil ikkje oppstå forhold «...som strider mot denne lov, forskrift eller plan» som følge av tiltaket. Det vert heller ikkje skapt «...tomter som er uegnet til bebyggelse på grunn av sin størrelse, form eller plassering etter reglene i denne lov», jf pbl § 26-1.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Søknaden er underskrevet av Hordaland Fylkeskommune som heimelshavar til gbnr 4/1.

Kommunen konkluderer etter dette med at plan- og bygningslova eller plangrunnlaget for eiegenomen ikkje er til hinder for oppretting av festegrunn. Kommunen tek ikkje stilling til privatrettslege tilhøve mellom MGN og Hordaland Fylkeskommune i samband med søknadshandsaminga, jf pbl § 21-6.

Vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 20-1 bokstav (m), jf pbl § 21-4, gjev Meland kommune løyve til oppretting av festegrunn i samsvar med søknad og situasjonskart stempla godkjent 29.9.2014. Godkjent situasjonskart skal følgjast ved utforming og oppmåling av tomta.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell det bort, jf pbl § 21-9.

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt.

Saka er handsama og godkjent administrativt i medhald av delegert mynde. Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 27 flg, jf vedlagt skjema.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart

Melding om enkeltvedtak og om rett til å klage over forvaltningsvedtak

Mottakere:

Hordaland Fylkeskommune -
Eigedomsseksjonen

5020

BERGEN

Stiftelsen Meland Golf og Naturpark c/o Peter B.
Namtvedt

5852

BERGEN